

**Notat**

Dato: 22.12.2015  
Arkivsak: 2015/11655-3  
Saksbehandlar: oleharl

---

Til:	Fylkesutvalet og Utval for miljø og samferdsel
Frå:	Fylkesrådmannen

---

**Svar på oversendingsforslag - Innfartsparkering - framdrift****Bakgrunn**

Mona Røsvik Strømme stilte følgjande spørsmål i fylkesutvalet 27. august 2015: «Hvordan går det med fremdrift på innfartsparkering i samarbeid med Bergen kommune?»

**Svar**

Det er satt av midlar til å auke kapasiteten til Åsane terminal i byggeprogrammet for 2016 i Bergensprogrammet. Ei utviding av bussterminalen vil ta nokre innfartsparkeringsplassar. Desse søker ein erstatta attmed terminalen, tett opp mot E39. Dette kan gje fleire plassar enn det ei utviding av terminalen vil ta.

Fylkeskommunen er i forhandlingar med Åsane senter om å leige plassar til innfartsparkering i nær tilknyting til Åsane terminal. Det vert også arbeidd med å etablere innfartsparkering på tomt for ny vidaregåande skule i Åsane (mellan Åsanehallen og Horisont kjøpesenter). Dette arealet er i dag utleigd frå fylkeskommunen til Åsane senter, og vert nytta som senterparkering.

Fordelen med dette arealet er at det vil utgjere ein betydeleg kapasitetsauke i forhold til dagens situasjon i Åsane. Samstundes bør det peikast på at plasseringa av arealet gjer at dei reisande vil få noko lengre veg til busshaldeplassen (ca. 300 meter til stamlinje 4, ca. 600 meter til Åsane terminal). Ei eventuell innfartsparkering ved Åsanehallen vil kunne eksistere fram til den nye vidaregåande skulen har anleggsstart.

Parallelt med dette vert det arbeidd med eit skisseprosjekt for innfartsparkering på C-tomta på austsida av E39. Vidare arbeid med dette prosjektet vil skje i samråd med Bergen kommune og Statens vegvesen gjennom Bergensprogrammet.

Den permanente løysinga i Åsane vert kopla til bybanearbeidet mot bydelen. Det er naudsynt at kollektivtraseen vert avklart før plassering av permanent innfartsparkering kan skje. Dette arbeidet vil skje i nært samarbeid med kommune og vegvesen.